

Patogene tarmparasittar

Analysemetode

Mikroskopi for cyster og egg etter konsentrering og fiksering.

Indikasjon

Dette er ei ressurskrevjande undersøking. Det er difor **viktig at det føreligg ein god indikasjon for denne undersøkinga.**

- Klinisk eller epidemiologisk særleg mistanke om protozoo- eller ormeinfeksjon.
- Screening av flyktningar og asylsøkarar etter gjeldande retningslinjer, særleg barn < 16 år.
- Ved diaretilstandar som regel kun etter at bakteriologisk undersøking er utført og er funne negativ for tarmpatogene bakteriar, inkludert virusundersøking hos barn. Dette gjeld også "Syden-diare".

Dersom det er aktuelt å sende fleire prøvar fra same pasient, skal det gå minst 2 dagar mellom kvar prøve. På grunn av avgrensa haldbarheit, må kvar enkelt prøve sendast fortløpande. Generelt tilrår vi at det ikke sendast ny prøve før det føreligg svar på forrige prøve.

Prøvetaking

Informasjon til pasientar på ulike språk om prøvetaking finn ein [her](#).

Defekasjon bør skje i reint kokt bekken eller i potte skylt med kokande vatn. Overfør til prøveglas utan tilsetjing.

(Unntaksvis kan fersk avføring utan tilsetjing kan vere aktuelt for mikroskopi med tanke på rørlege trophozoitformer av *Giardia lamblia* eller *Entamoeba histolytica*. Unntaksvis indisert hos hospitaliserte pasientar med alvorleg diare der desse agens mistenkast. Laboratoriet har lite røynsle med denne analysen. Transporttid til laboratoriet må vere mindre enn 30 minutt. Vel ut blodige/slimete klattar.)

Prøvetakingsutstyr

Steril container utan tilsetnad eller steril container med skei utan tilsetnad:



Prøvevolum

Minimum 5 ml.

Oppbevaring før transport

I kjøleskap.

Haldbarheit

3 døgn. Eldre prøvar kommenterast i svar.

Vurdering i laboratoriet

Vanleg undersøking vil kunne påvise Giardia lamblia, cyster frå ulike parasittar inkludert Entamoeba histolytica, egg frå Schistosoma og egg frå innvollsorm. Funn av apatogene parasittar rapporterast ikkje. Cyster frå Entamoeba histolytica let seg ikkje mikroskopisk skilje frå cyster frå den apatogene Entamoeba dispar. Vi vil ved slike funn difor vidaresende avføringsprøva til anna laboratorium for ELISA-undersøking for Entamoeba histolytica, eller be rekvirenten sende prøve dit.

Forventa analysetid

1-7 dagar

Feilkjelder

Lang transporttid kan føre til falskt negativt resultat. Mengda av egg og cyster i feces kan variere under sjukdomsforløpet og det kan i enkelte tilfeller være trong for gjentatte prøvar. Desse skal i så fall takast med > 2 dagars mellomrom.

Utførast av

Bakteriologisk fagområde

Fagområde

Parasittologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

11.10.2016 Gro Øren